

# RETNINGSLINJER FOR UTREKNING AV TAL DYR PÅ UTMARKSBEITE - Oppsummering etter kurs i beitevurdering 9. og 10. mai 2000

## Bakgrunn

### *Endring i regelverket frå nettoareal til bruttoareal*

I forskrifta frå august 1999 vart areal for innmarksbeite endra frå nettoareal til bruttoareal og alt nytt innmarksareal skulle godkjennast av kommunen.

Fordi melding om endringa kom så nær søknadsfristen, hadde ikkje landbrukskontora tid til å revurdera alle beiteareala i kommunane. Det vart då sagt at brukaren sjølv skulle gjere endringa for søknadsomgang pr 31.07.99. Kommunen skulle berre kontrollere arealet på dei bruka der avviket mellom netto og bruttoareal var unaturleg stort. Kravet om at alt nytt innmarksareal skulle godkjennast av kommunen vart utsatt til søknadsomgangen i august 2000. Kommunane bør derfor går over alt innmarksarealet i kommunen for å justera tala til rette "brutttotal".

### *Krav om gjerde mellom innmark og utmark*

Forskrifta sett også krav om permanent gjerde mellom innmarka og utmark. Rogaland har praktisert ei lokal tilpasning av forskrifta. Der innmark naturleg går over i utmark vil det i dei fleste tilfelle i Rogaland vere unaturleg å setje opp eit gjerde som skilje. Slik tilhøva er i Rogaland, vil det vere både kostbart og arbeidskrevjande og ha liten hensikt. Vi har difor sagt at vi godtar at dette gjerde ikkje finst.

### *Tilskot til innmark/dyr på utmarksbeite*

Størrelsen på innmarksbeite har innverknad på ulike tilskotsordningar: arealtilskot for innmark og tilskot til dyr på utmarksbeite. Her i Rogaland kor innmark og utmark ofte glir over i kvarandre, er det sett krav om at dyra på beite skal "bruke opp" innmarksbeite før det blir gitt tilskot til dyr på utmarksbeite.

For å berekne kor mange dyr ein kan føre opp på søknaden om "dyr på utmarksbeite" har ein nytta normtal som seier kor mange daa innmark kvart dyr treng i løpet av ein beitesesong. Normtala som har vore i bruk til no har teke utgangspunkt i nettoarealet på innmark. Når vi no reknar med bruttoareal vil avlingsnivået bli litt redusert og det er naturleg med ein auke av normtala.

## Fastsetjing av nye normtal

### *Arbeidsgruppe*

Fylkesmannen ved Landbruksavdelinga har nedsett ei arbeidsgruppe for å revurdere heile denne lokale tilpassinga også eventuelle alternative og betre måtar å praktisere dette på.

Arbeidsgruppa var samansett av følgjande:

Ole Andreas Byrkjedal,	Gjesdal Landbrukskontor
Kjell Ims,	Sandnes Landbrukskontor
Jostein Eiane,	Rennesøy kommune (Finnøy Forsøksring)
Olav Harbo,	Jæren Forsøksring
Tor Magne Bjerga,	Fylkesmannen Landbruksavdelinga
Anne Grethe Cazón,	Fylkesmannen Landbruksavdelinga

### **Beiteklassifisering:**

1. Inndeling etter kvalitet: middels godt beite
2. Inndeling etter høgd over havet (for beitearealet) i to klassar:
  - a. inntil 200 moh.
  - b. over 200 moh.

### **Avlingsnivå**

Avlingsnivået på eit middels godt beite er sett til ca. 350 FEm/daa for netto avling på lågareliggjande beite. Skilnaden mellom netto- og bruttoareal er rekna til gjennomsnittleg 10 % for Rogaland. Tal for avlingsnivå som er brukt i berekningane for bruttoareal er difor sett til 320 / 260 FEm/daa.

Høgd over havet	FEm pr daa
Inntil 200 m	320
Over 200 m	260

### **Fôropptak i beiteperioden:**

#### Beiteperioden

Lengda på beiteperioden vil variere avhengig av dyreslag, driftsopplegg og klimatiske forhold. Klimatiske forhold er mest påverka av høgd over havet så vi har redusert beiteperioden noko i høgdesona over 200m. Ungdyr og sau har stort sett like lang beiteperiode, mens kyr vil nytte beita noko kortare tid spesielt på hausten.

#### Normtal - oversikt over dyregrupper

- Kyr: mjølkekyr og ammekyr
- Ungdyr: ungdyr og hestar
- Sau: sauer, værar og geiter – vaksne dyr

Grovfôropptaket på beite til mjølkekyr og ammekyr vil være nokså likt. Det som mjølkekyr produserer meir enn ammekyr vil bli kompensert med anna type fôr, f.eks. kraftfôr. Mjølkekyr og ammekyr skal difor reknast med same normtal.

Gruppa "ungdyr" gjeld dyr i alle aldrar som nyttar beitet og greier seg sjølv. Dette gjeld ikkje kalvar som kortvarig blir slepte på beitet før dei vert tekne inn om hausten. Hestar i alle aldrar vil og bli rekna med normtal som ungdyr då fôropptaket er mest samanfallande med denne gruppa.

Fôropptaket for sau er rekna for ein vaksen sau inkludert 1,7 lam. Når ein skal rekne kor mange sauer som beiter er det vaksne dyr som skal teljast, d.v.s. søyer og værar. Geiter, både mjølkegeiter og ammegeiter skal reknast med same normtal som sauer og teljast på same måten.

For å dekke variasjonane innan fylket var landbrukskontora representerte frå kommunar med stor skilnad på avlingsnivå og differanse mellom netto og bruttoareal, som mellom anna vert påverka av steininnhald på beite. I tillegg til god lokalkunnskap har også landbrukskontora god kjennskap til dei praktiske fylgjene av regelverket, kor arbeidskrevjande ting vil være etc. Forsøksringane har tatt del i dette arbeidet med fagkunnskap og lokal kunnskap om avlingsnivå, dyra sitt føropptak og behov for beite i løpet av ein sesong.

Arbeidsgruppa har sett på fleire modellar for den lokale tilpassinga av forskrifta. Vi har vurdert ein meir kompleks modell med inndeling i beitekvalitet for om mogleg å lage ein meir rettferdig modell der intensiv drift blir ”premiert”. Modellen viste seg å vere arbeidskrevjande og favorisere ekstensiv drift. Den vart difor lagt bort. Ein modell med geografiske sonar vart også vurdert, men då dei geografiske sonene i forskrifta ikkje fell saman med avlingsnivå i Rogaland, la vi også bort denne modellen.

Konklusjonen til arbeidsgruppa er å bruke normtal som i dag med tillegg av ein høgdesone som kompenserer for klima-/naturgjeve avlingsnivå.

### *Innføring av høgdesone*

Innføring av høgdesone kan forklarast med eksempel frå dei to kommunane som var representert i arbeidsgruppa. Sandnes har intensiv drift av innmarka, høgt avlingsnivå og generelt liten skilnad mellom netto- og bruttoareal. Gjesdal derimot ligg høgare og har naturleg lågare avling, kortare beitesesong, høgare steininnhald på beita og større skilnaden mellom netto- og bruttoareal. Generelt vil dessutan høgareliggjande bruk ha meir nytte av utmarka enn lågareliggjande og kystbruka.

For å jamne ut skilnader mellom områder ved ulike høgdegradientar, har vi innført ei høgdesone på 200 m.o.h der beitet si høgde over havet skal leggjast til grunn. Grensa på 200 m vil kunne flyttast litt opp eller ned ved skjønn frå den enkelte kommune. Her er lokalt avlingsnivå og klimaforhold avgjerande.

Spesielt kan kommunen nytte skjønn når fleire bruk i same dalføre/område skal vurderast. Er klimaforhold og avlingsnivå likt i heile dalføret/området, er det ingen grunn til å skapa strid mellom naboar fordi dei fell i ulike høgdesonar. Kommunen skal då bruke skjønn og velge øvre eller nedre høgdesone for heile dalføret/området.

### Nye normtal

Normtala vil bli brukt i utrekning av ”Tilskot til dyr på utmarksbeite” som før. Arbeidsgruppa og Jæren Forsøksring har tatt utgangspunkt i det reelle, faktiske fôrbehovet til dyra på innmark. Kombinert med avlingsnivå har dei rekna nye normtal basert på bruttoareal innmark. Merk at normtala som skal nyttast til utrekning i samband med tilskotet er høgare enn normtala som er utrekna for faktisk fôrbehov.

Oppsummert:

0 –200 moh: Kyr: 9,0 FEm/dag i 110 dagar = 990 FEm/sesong  
Ungdyr: -5,5 FEm/dag i 140 dagar = 770 FEm/sesong  
Sau (inkl. 1,7 lam): 3,5 FEm/dag i 140 dagar = 490 FEm/sesong

Over 200 moh: Kyr: 9,0 FEm/dag i 100 dagar = 900 FEm/sesong  
Ungdyr: 5,5 FEm/dag i 120 dagar = 660 FEm/sesong  
Sau (inkl. 1,7 lam): 3,5 FEm/dag i 120 dagar = 420 FEm/sesong

Faktisk fôrbehov på innmarksbeite vert etter dette:

**Normtal, daa per dyr (brutto areal).**

Høgde over havet	Kyr	Ungdyr	Sau
Inntil 200 m	3,1	2,4	1,5
Over 200 m	3,5	2,5	1,6

I tilskotssamanheng ynskjer vi å ligge noko over det som tilsvare det faktiske fôrbehovet og har sett dei nye normtala som tabellen under viser.

**Normtal til bruk i tilskotssamanheng, daa per dyr (brutto areal).**

Høgde over havet	Kyr	Ungdyr	Sau
Inntil 200 m	4,0	3,0	2,0
Over 200 m	4,5	3,5	2,5

### Konklusjon


I dei områda der innmark og utmark ikkje er skild frå kvarandre med gjerde, skal dyra på beite "bruke opp" innmarksbeite før det blir gitt tilskot til dyr på utmarksbeite.


Normtal som skal nyttast for å rekne ut kor mange daa innmark kvart dyr treng i løpet av ein beitesesong:

Høgde over havet	Kyr	Ungdyr	Sau
Inntil 200 m	4,0	3,0	2,0
Over 200 m	4,5	3,5	2,5

Dersom det beiter fleire dyr enn dei som etter norma et opp innmarka, kan desse fôrast opp som dyr på utmarksbeite.

Mariø, 07.07.00

  
Joar Oltedal  
fylkesjordsjef

  
Synnøve Hognestad  
fylkesagronom